

### ***Kjetil Espeland med 4.17.43 på maraton i Bergen i går!***

**Kjetil Espeland** spring no for IF Klypetussen. Det gjorde han og i går i Maratonkarusellen i Bergen. Han kom inn på tida 4.17.43. Med det vart han nr 53 av 64, uansett klasse. Som dei fleste veit er ein maraton 42195 m. Med kaldt og blåsigt ver er det uansett ein stor prestasjon å gjennomføra. **Gunvald Gundersen** løp halvmaraton i same stemne på 1.47.22. Det er rett bak det beste han har gjort i år. Kjempebra!

Halvmaraton vart vunnen av **Alemayehu Sitotaw** på den glimrande tida 1.13.36. Verkar namnet kjend? Han har vore med på Fjordalangs fleire gonger; sist no i år på Etne Løpsfestival.

**Inge Asbjørn Haugen**, Hornindal IL har gjennomført flest maraton av alle nordmenn gjennom tidene – 376 i alt!! I Bergen sprang han på sesongbeste 3 timar 41 minutt og 34 sekund, nr 31 av 64. Veldig bra! Han har og laga kryssord til julenummeret av Klypeposten. 11. juli 2009 løp han maraton under Etne Løpsfestival. Han er og ein glimrande saksofonist. På pastapartyet på Sævareid skule under Etne Løpsfestival fekk me høve til å høyra han. Fenomenal – rett og slett



Inge Asbjørn under løpet i går.

P.S. Gisle Sellevold har to CD'ar att til sals. Dei kostar kr 170 pr stk og er ei fin julegåve. (Dei vert selde til kostpris).

[Resultat](#)